

Landbruks- og matdepartementet

Deres ref:

Vår ref: 2018/158028

Dato: 09.07.2018

Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



Mattilsynet foreslår ei ny forskrift om velferd for storfe, svin, sau og geit

Mattilsynet foreslår å slå saman forskriftene om hald av storfe, svin, sau og geit til ei felles velferdsforskrift for dei fire dyreslaga. Vi foreslår også å rydde i anna regelverk på området. Den nye forskrifta vil erstatte fem forskrifter, og forslaget vil gjere at produksjonsdyrforskrifta ikkje lenger gjeld storfe, svin, sau og geit. Vi får dermed slutt på dobbeltreguleringa for desse fire dyreslaga.

Forslaget om å slå saman og rydde gjer at dei mange fellesreglane for dei fire dyreslaga kan formulerast likt og klarare. Det gjer det også lettare å presisere kva for krav som er spesielle for kvart dyreslag. Forskrifta blir tilpassa den nye dyrehelseforskrifta for å unngå dobbeltregulering og for å harmonisere krava til kunnskap, planar og dokumentasjon. Harmoniseringa er også retta mot systema og støttefunksjonane til husdyrnæringa.

Vi foreslår å vidareføre innhaldet i dei fleste krava til hald av storfe, svin, sau og geit slik som dei er fastsette i dag. For å tilpasse krava til endringane innan husdyrhaldet har vi lagt større vekt på at krava skal opne for fleire vegar til målet om god velferd.

Vi foreslår også nye krav og viktige endringar. Dei nye krava om tilpassa velferdsplanar vil gi dyrehaldarene gode reiskap for eigenkontroll og velferdsarbeid i dei ulike dyrehalda. Også dei andre nye krava skal medverke til å trygge god og framtidsretta velferd for husdyra.

Utkast til ny velferdsforskrift, endringsforskrift og høyringsbrev med høyringsliste følger vedlagt.

Vi ber om å få sende forslaget på høyring.

Med helsing

Torunn Knævelsrud
Seksjonssjef dyrevelferd

Vedlegg